



Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/100983-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.10.2018

Løyve til utvida bruk – Avkøyrsløse – Fv. 409 – Gnr. 33 bnr. 17 – Hella indre – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 24.07.2018.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) har vi fatta følgande vedtak:

Det vert med dette gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for to naust på høvesvis gnr. 37 bnr. 8 og gnr 38 bnr. 2 i Radøy kommune.

Veg / stad fv. 409 hp 2 km 3,588.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Løyvet gjeld avkøyrsløse for to naust, tilhøyrande 37 bnr. 8 og gnr. 38 bnr. 2.
2. Frisikt 1.1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsløse skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Eventuelle planter eller liknande i frisiktsona skal ikkje vere meir enn 0,5 meter.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.


4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Vi var på synfaring 12.09.2018. Vi rår til at søppeldunk som er plassert ved busskuret vert flytta, slik at sikta retning høgre i avkøyrsla ikkje vert hindra. Vi minner om at eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Det er søkt om løyve til å oppføre to nausta på gnr. 33 bnr. 17 i Radøy kommune. Nausta skal oppførast i eit fellesområde / sameige i Skutehamna, medan nausta skal eigast av gnr. 37 bnr. 8 og gnr. 38 bnr. 2 jf. søknaden. Vi meiner at kapasitetsgrensa i avkøyrsla no er nådd jf. våre handbøker, og at det ikkje kan påreknast fleire løyver før avkøyrsla vert utbetra.



Situasjonskart avkøyrsl.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6863 Leikanger, eller firmapost-vest@vegvesen.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan

